

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmar  
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF  
Dato: 29.10.2014  
Frå: Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum  
Sakshandsamar: HR-sjef Berit Berntsen/ Fagdirektør Øystein Torgauten/ Økonomisjef Ola Rye  
Saka gjeld: **Rapport frå verksemda per september 2014**

**Styresak 59/14 (O)**

**Styremøte 06.11.2014**

---

## **Forslag til vedtak:**

Styret tek rapporten til orientering.

## Innhald

1	Oppsummering.....	3
2	Medarbeidarar/ HMT .....	4
2.1	Sjukefråvær .....	4
2.2	Tal bemanning .....	4
2.3	HMT-kartlegging 2014.....	5
2.4	HMT-avvik.....	6
3	Verksemdsutvikling – apotekfag og teknologi .....	6
3.1	Viktigaste drivarar for utvikling .....	6
3.1.1	Sjukehusekspedisjonane (SHE).....	6
3.1.2	Publikumsekspedisjonane (PUB) .....	6
3.1.3	Farmasøytiske tenester (AFT).....	7
3.1.4	Produksjon (PRO).....	7
3.1.5	Forskning .....	7
3.1.6	Beredskapslager av legemiddel for spesialisthelsetenesta .....	7
3.2	Utviklingsprosjekt .....	7
3.2.1	Verksemdsstyring i SAV .....	7
3.2.2	Miljøsertifisering.....	7
3.2.3	Helse Vest-prosjekta KULE, TønSys og e-resept .....	8
3.2.4	Bytte til ny grossist .....	8
3.2.5	System for støtte av produksjon .....	8
4	Økonomisk utvikling .....	8
4.1	Resultat per september.....	8
4.2	Prognose 2014.....	11
4.3	Balanse og kontantstraum .....	13

## 1 Oppsummering

Samla sjukefråvær i september 2014 er 8,1 % mot 5,9 % same tid i fjor, men framleis ligg det gjennomsnittlege fråværet 0,3 % lågare enn i fjor. Korttidsfråværet er høgt i august og september, og fokus på følge opp sjukefråvere tett held fram.

Tal på tilsette og netto månadsverk er innanfor budsjett. Bruk av overtid er stabil dei 2 siste år, medan trend bruk av meirtid er fallande. Dette kan tyde på betre kontroll på sjukefråvere og planlegging av utviklingsarbeid ut over dagleg drift.

Sjukehusapoteka Vest har for fjerde år gjennomført elektronisk HMT-kartlegging. Svara i 2014 er svært gode, med positiv utvikling både i høve til tal på svar og scor frå 2013. Dette syner at det systematiske arbeidet SAV har hatt innan HMT har gitt avkastning.

Talet på meldte HMT-avvik har auka siste året. Per 3. kvartal i år er det meldt 36 HMT-avvik mot 21 HMT-avvik på same tidspunkt i 2013. Det er hovudsakleg småskadar som blir rapportert. Det er til no ikkje meldt om arbeidsulykker som har ført til fråvær frå arbeidsplassen eller skade som har kravd medisinsk behandling eller tilrettelagt arbeid.

Hovudfokus i drifta er aktiviteter som aukar sal og inntening, spesielt i publikumsekspedisjonane. Det er naudsynt både å auke talet på kundar som vel dei fire sjukehusapoteka som sitt apotek, og å tilby eit breiare utval handelsvarer til desse kundane. Sjukehussekspedisjonane held fram arbeidet med å effektivisere drifta kring automatane, og å førebu enklare ordrehandtering når TønSys mot slutten av året er rulla heilt ut.

Produksjonen har fokus på samordning mellom dei fire apoteka, og gevinst ved beste praksis. Tilbodet av farmasøytiske tenester er definert meir tydeleg med omsyn til leveransar, timepris og effekt hos kunden. Dermed kan kundane lettare grunngi val av farmasøytressurs både i avdelingsarbeid og kliniske oppgåver.

SAV har vore gjennom første hovudrevisjon av miljøstyringssystemet, og ventar stadfesting av ISO-sertifisering i starte av november.


Prosjektet «Verksemdsstyring i SAV» har første store milepæl 1. desember, da nytt system i høve plan skal lanserast, og alle prosessar vil bli gjort tilgjengeleg i det nye verktøyet vi har døypt SAVvy. Prosjektet legg til rette både for tydelegare mål for arbeidsprosessar og auka operatøransvar.

SAV har ved utgangen av september ei samla omsetning på 678,8 mill. Dette er 22,2 mill. over budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 81,2 mill. og 3,8 mill. under budsjett. Omsetning frå sal av tenester og andre inntekter er 65,4 mill. og 0,8 mill. under budsjett.

Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 2,6 mill. og 4,3 mill. under budsjett. Samla resultat er på 9,2 mill., noko som er 2,5 mill. over budsjett. Noko betra siste to månadane og tiltak knytt til kostnadsstyring gjer at SAV ser ut til å kunne nå budsjettert resultat for 2014. Oppdatert prognose for 2014 viser eit resultat på 10 mill.

## 2 Medarbeidarar/ HMT


### 2.1 Sjukefråvær




Samla sjukefråvær i september 2014 er 8,1 % mot 5,9 % same tid i fjor. Helse Vest hadde samla eit sjukefråvær på 6,3 % i september. Sjukefråværet i august og september i år er høgare enn i 2013, men framleis ligg det gjennomsnittlege fråværet 0,3 % lågare enn i fjor. I august og september er bruken av eigenmeldingar hyppigare enn andre månader, dette skyldast truleg sesongvise virusssjukdomar. Fokus på, og tett oppfølging av sjukefråvær held fram. Bedriftshelsetenesta blir nytta i oppfølgingsarbeidet ved behov.

### 2.2 Tal bemanning

Det er 248 tilsette i SAV i september 2014, og 175 netto månadsverk. Det er budsjettert med 206 årsverk i 2014. Tal siste to år syner at det er stabilitet mellom tal tilsette og netto månadsverk, og ein ligg greitt innanfor personalbudsjett. Det ser vi og ved at tal tilsette i permisjon heng saman med tal vikarar. Det er i stort høve sommarferie-avvikling (juli) som endrar det jamne nivået på netto månadsverk.



Bruk av overtid og meirtid har ein samanheng med totalt fråvær og utviklingsarbeid. Trend bruk av overtid er stabil 2 siste år, medan trend bruk av meirtid minkar.




### 2.3 HMT-kartlegging 2014

Sjukehusapoteka Vest har for fjerde år gjennomført elektronisk HMT-kartlegging. Svare i 2014 er svært gode, med positiv utvikling både i høve til tal på svar og scor frå 2013. Utslag på at forhold i liten grad er ivareteken og at tiltak er naudsynt er få. Utslaga er størst på «gul» sone, altså forhold som i noen grad opplevas som ivaretatt, men at tiltak bør vurderas. Det gjeld områda «Forhold mellom arbeid og ressursar», kor 37 % svarer «gult» (43 % i 2013), «Ergonomi» kor 24 % svarer «gult» (28 % i 2013), «Psykososialt arbeidsmiljø» kor 32 % svarer «gult» (38 % i 2013), «Psykososiale risikofaktorar» kor 14 % svarer «gult» (21 % i 2013) og «Fysisk arbeidsmiljø» 34% (43 % i 2013). Svar knytt til «Systematisk HMT» har vore forbetra år for år sidan 2011. Særlig gledelig er utvikling på Spørsmåla «Tek du del i utforming og gjennomføring av HMT-handlingsplan», der 61 % svarer ja mot 47 % i fjor, «Kunnskap om organisasjonsstruktur i SAV» der 89 % svarer i stor grad mot 77% i 2013, og «Kunnskap om ansvar og fullmakter innan HMT», der 84 % svarer i stor grad mot 58 % i 2013. 85% svarer at de kjenner rutinar for sjukefråvere, mot 75 % i 2013. Score knyt til brannvern er og sær gode i 2014, som dei også har vore tidlegare år.

Leiarane har teke utfordring og nytter no, i samarbeid med vernetenesta, det regimet SAV har etablerte for systematisk HMT-arbeid (Oppstartsmøte, kartlegging, gjennomgang av resultat av kartlegging, etablering av HMS-handlingsplan og oppfølging av HMS-handlingsplan gjennom året). Dette er gledelig, og ein ventar at innsats oppretthaldas for å få enda betre resultat. Det er forventa aktiv medverknad frå dei tilsette i diskusjon om utfordringar innan HMT og tiltak for å bøte på disse. Diskusjon må ha utgangspunkt i realistiske driftsrammer og prosess Medarbeidarskap.

## 2.4 HMT-avvik



Rapport visar tal meldte HMT-avvik og forbetningsområde per kvartal frå 2011-2014. Per 3. kvartal 2014 er det registrert 36 HMT-avvik mot 21 HMT-avvik i same periode 2013. 28 av 36 HMT avvik i 2014 er ferdig behandla og avslutta. Det er hovudsakleg småskadar som stikk-, kutt-, fallskadar, eksponering ved søl og løft- og flyttskadar. Det er til no ikkje meldt arbeidsulykker som førte til fråvær frå arbeidsplassen eller skade som kravde medisinsk behandling eller tilrettelagt arbeid. Talet på meldte HMT-avvik har auka siste året, med tanke på tidlegare kommentarar om ikkje rapporterte hendingar. Ved behov for bistand blir Bedriftshelsetenesta nytta.

## 3 Verksemdsutvikling – apotekfag og teknologi

### 3.1 Viktigaste drivarar for utvikling

#### 3.1.1 Sjukehusekspedisjonane (SHE)

Sjukehusekspedisjonane held fram arbeidet med effektivitet og kostnadsstyring. TønSys-utrulling held fram, og det er fokus på å hente ut gevinst i handteringa av ordre.

I samband med prosjekt «Verksemdsstyring i SAV» vert ansvar for logistikk tydelegare gjennom heile varehandteringslinja, og ansvar for farmasifagleg råd og støtte knytt til å skaffe varer (helpdesk-funksjon). Desse oppgåvene har ulike drivarar og bør formast ut frå dette.

#### 3.1.2 Publikumsekspedisjonane (PUB)

Hovudutfordringa er å rigge publikumsekspedisjonane slik at ein kan nå nye resultatkrav. Publikumsekspedisjonane syner gode salsresultat på satsingsområdet hudpleie som vi har «øva» oss på i 2014. Resultata peiker på at kundane ynskjer å handle varene hjå SAV som medarbeidarane våre er dyktig på å kommuniserer vårt tilbod av. På meir sentrale områder for spesialisthelsetenesta som stomi, ernæring, inkontinens er det likeeins grunn til å tru at god kundekommunikasjon vil gjer kundane meir tilfredse, og samstundes auke sal og inntening. SAV kan her hente sal frå kundar som elles ville handla dei same varene i konkurrerande apotek. Ein arbeider fortsatt fokusert med å auke sal per kunde på ein god måte. Samstundes ser apoteka på tiltak som gjer at fleire vil velje SAV som sitt apotek. Både til pasientar som skrivast ut frå sjukehusa og til dei sjukehusstilsette kan SAV gje et betre og mair

målretta tilbod enn i dag. Undersøkingar syner at kundane verdsett kunnskapen våre medarbeidarar har. SAV arbeider no for å gje kundane betre tilgjenge. Opningstid, ventetid, skilting og lett tilgang frå sjukehusområdet er verkemedel SAV arbeidar med.

Vi har som føresetnad å gjennomføra salstiltak utan å auke kostnadsbasen i drifta. Per no er det ikkje stor nok auke i inntening til å nå resultatmålet med desse tiltaka alene. Tiltak på kostnadskutt er difor i gang parallelt, gjennom effektivisering. Som eksempel kan nemnes at om lag halvparten av reseptane i PUB no kjem som e-resept. Desse krev mindre tid til registrering og ekspedering enn papirreseptar. Gevinst ved dette må takast ut. Ein førebud tilpassingar av arbeidsflyten i publikumsekspedisjonane for å få dette til.

### **3.1.3 Farmasøytiske tenester (AFT)**

Det vert arbeid med å gje sjukehusa tydelegare tilbod på innhald i avdelingsfarmasi og klinisk farmasi, gjennom å beskriva leveransen og å syne at farmasøytane leverer kostnadseffektive tenester.

SAV bygger opp kapasitet slik at ein unngår å måtte avvise førespurnader om kjøp av tenester i framtida.

### **3.1.4 Produksjon (PRO)**

Samordning mellom dei 4 produksjonseiningane med sikte på å etablere ei beste praksis er fokus. Det same gjeld rammer og rutinar for kliniske utprøvingar.

### **3.1.5 Forsking**

Ein arbeider med utlysing av 2 nye D-stillingar som SAV vil finansiere 50 % over 2 år. Førebels har SAV trong for å knyte til seg vegleiarar frå universitetsmiljø, men nokre av farmasøytane i SAV har eller kan få kompetanse som vegleiarar.

### **3.1.6 Beredskapslager av legemiddel for spesialisthelsetenesta**

SAV skal revidere eiga plan for beredskap innan februar 2015. Samstundes startar Helse Vest arbeid med regional plan, og SAV ser ei viktig oppgåve i å kople apoteket inn i denne. Avklaring av forventning til SAV på beredskap er ei sentral sak.

Nasjonalt er det arbeid i gang med å overføra nasjonalt beredskapslager for legemidlar til spesialisthelsetenesta til regionane. SAV forventar å få ansvar for leveringsberedskap i eiga region.

## **3.2 Utviklingsprosjekt**

### **3.2.1 Verksemdsstyring i SAV**

Prosjekt «Verksemdsstyring i SAV» har no mange prosessar i arbeid med modellering og forbetring. Prosjektet syner områder for forbetring og samordning mellom apoteka, og desse oppgåvene er i arbeid.

Prosjektet gir både kompetanse på prosjektarbeid og –leiing, i tillegg til auka prosesskompetanse. Denne kompetansebygginga er naudsynt i endringsprosessar, og vil også gjere SAV betre rusta til å møte endringskrav framover.

### **3.2.2 Miljøsertifisering**

SAV ventar fortsatt på endeleg tildeling av sertifikat, og arbeider for vidare utvikling fram mot første hovudrevisjon som kjem i mars 2015.

### 3.2.3 Helse Vest-prosjekta KULE, TønSys og e-resept

KULE-prosjektet vert tilført 3 farmasøytar, samla 1,8 årsverk, fram til september 2015. I tillegg deltek SAV i referansegrupper knyt til anskaffing.

TønSys er nå i aukande bruk, og for SAV er oppgåva å hente ut gevinstar som ligg i denne investeringa.

Det er forventa at e-Resept må utviklast vidare, mogleg i form av eit nytt prosjekt. Det kan bli aktuelt for SAV å levere ressursar inn i eit slikt prosjekt.

### 3.2.4 Bytte til ny grossist

Avklaringar i forhold til at Norsk Medisinaldepot (NMD) mister ordinære grossistleveransar til sjukehusapoteka når Alliance Healthcare Norge tek over denne leveransen frå nyåret, gjer beredskapssituasjonen utfordrande i overgangsfasa. SAV er involvert på fleire felt i arbeidet med skifte av grossist, og kan mogeleg få eit krav på utkjøp av rastvarelager hos ved nyttår. Eit slikt utkjøp vil ikkje få resultatmessige konsekvensar.

### 3.2.5 System for støtte av produksjon

Støttesystem for legemiddelproduksjon er ein viktig føresetnad for å sikre effektiv drift og rett pris på produkta. Dette er kome i fokus fordi volumet har auka dei siste åra, og er forventa å auke fortsatt. Samstundes gjer sjukehusføretaka uttrykk for at dei ønskjer å nytte Meona (KULE) også til bestilling av slike varer, og dette vil da krevje eit grensesnitt opp mot SAV sitt produksjonssystem. Eksisterande system (Cytodose) trengs antakeleg gjennom dette utskifta. Utgreiing med sikte på å gje grunnlag for ei investering er i gang.

## 4 Økonomisk utvikling

### 4.1 Resultat per september


SAV har ved utgangen av september ei samla omsetning på 678,8 mill. Dette er 22,2 mill. over budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 81,2 mill. og 3,8 mill. under budsjett. Omsetning frå sal av tenester og andre inntekter er 65,4 mill. og 0,8 mill. under budsjett.

Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 2,6 mill. og 4,3 mill. under budsjett. Samla resultat er på 9,2 mill., noko som er 2,5 mill. over budsjett.

Budsjett overført: 27.10.2014 00:40 - 27.10.2014 01:15 Regnskap overført: 27.10.2014 01:15 Kjørt dato: 27.10.2014 10:51	Akkumulert per 201409							
	Regnskap	Budsjett	Regnskap - Budsjett	Prognose hele året	Budsjett hele året	Prognose - Budsjett hele året	Hittil i fjor	Året - fjorår
Inntekter frå varesalg	613 444	590 442	23 003	821 125	803 878	17 247	567 194	46 251
Varekostnader	532 276	505 486	26 789	712 133	688 556	23 577	487 528	44 747
<b>Brutto fortjeneste</b>	<b>81 169</b>	<b>84 955</b>	<b>-3 787</b>	<b>108 992</b>	<b>115 322</b>	<b>-6 330</b>	<b>79 665</b>	<b>1 503</b>
<b>Brutto fortjeneste %</b>	<b>13,23 %</b>	<b>14,39 %</b>	<b>-1,16 %</b>	<b>13,27 %</b>	<b>14,35 %</b>	<b>-1,07 %</b>	<b>14,05 %</b>	<b>-0,81 %</b>
Inntekter frå tenester	48 744	49 964	-1 220	66 408	67 836	-1 428	43 645	5 099
Andre inntekter	16 609	16 165	444	22 064	21 487	576	15 606	1 003
<b>Dekningsbidrag</b>	<b>146 522</b>	<b>151 084</b>	<b>-4 562</b>	<b>197 463</b>	<b>204 645</b>	<b>-7 182</b>	<b>138 916</b>	<b>7 606</b>
Personalkostnader	101 852	104 451	-2 599	137 868	140 846	-2 978	98 939	2 913
Andre driftskostnader	36 764	41 026	-4 262	51 293	54 855	-3 562	33 447	3 316
<b>Driftsresultat før finansposter</b>	<b>7 906</b>	<b>5 606</b>	<b>2 300</b>	<b>8 303</b>	<b>8 944</b>	<b>-641</b>	<b>6 530</b>	<b>1 376</b>
Netto finansposter	1 302	1 071	231	1 728	1 428	300	1 166	137
<b>Resultat før felleskostnader</b>	<b>9 209</b>	<b>6 677</b>	<b>2 531</b>	<b>10 031</b>	<b>10 372</b>	<b>-341</b>	<b>7 696</b>	<b>1 513</b>
<b>Resultat etter felleskostnader</b>	<b>9 209</b>	<b>6 677</b>	<b>2 531</b>	<b>10 031</b>	<b>10 372</b>	<b>-341</b>	<b>7 696</b>	<b>1 513</b>
<b>Nøkkeltall:</b>								
Prosentvis endring i inntekter varesalg			3,9 %			2,1 %		8,2 %
Prosentvis endring i inntekter frå tenester			-2,4 %			-2,1 %		11,7 %
Prosentvis endring i andre inntekter			2,7 %			2,7 %		6,4 %
Varekost %	86,8 %	85,6 %	1,2 %	86,7 %	85,7 %	1,1 %	86,0 %	0,8 %
Personalkostnad %	15,0 %	15,9 %	-0,9 %	15,2 %	15,8 %	-0,6 %	15,8 %	-0,8 %
Andre driftskostnads %	5,4 %	6,2 %	-0,8 %	5,6 %	6,1 %	-0,5 %	5,3 %	0,1 %
Driftmargin %	1,2 %	0,9 %	0,3 %	0,9 %	1,0 %	-0,1 %	1,0 %	0,1 %
Resultatmargin %	1,4 %	1,0 %	0,3 %	1,1 %	1,2 %	-0,1 %	1,2 %	0,1 %



Ei overordna analyse av resultatavviket per september er vist under. Grøn farge tilseier lågare kostnadspådrag eller betre inntening enn budsjett. Raud farge tilseier høgare kostnad eller lågare inntening enn budsjett. God kostnadskontroll innan personal- og andre driftskostnader kompensere for manglande inntening på varesal (PUB og avd. 145) og lågare inntekter frå sal av tenester i høve til budsjett.



Resultatet i SAV er som vist spesielt påverka av sal av varer, og bruttomargin på varesalet. Varesalet veks med 8,2 % (34,2 mill.) frå fjoråret og er 3,9 % (16,2 mill.) over budsjett. Bruttomargin på varesalet er 3,8 mill. under budsjett, noko som skuldast høgare varekost enn budsjettert. Budsjettert og realisert varesal og varekost for dei ulike verksemdsområda fordelt på apoteka er vist nedanfor. Raud farge indikerer negativt budsjettavvik.



Varesal	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	296 934	278 694	18 240	135 099	128 353	6 746	27 496	24 422	3 073	98 775	88 482	10 293	36 871	37 437	-566
PUB	220 325	223 875	-3 550	101 357	101 129	228	22 601	26 506	-3 905	61 590	62 181	-592	35 289	34 059	1 231
PRO	92 367	82 534	9 833	59 582	44 775	14 807	8 543	8 140	403	29 812	27 765	2 047	15 628	18 008	-2 380
Avd 145	3 818	5 338	-1 520	9 470	11 246	-1 776									
SUM	613 444	590 442	23 002	305 509	285 504	20 005	58 640	59 069	-429	190 177	178 428	11 749	87 788	89 503	-1 716

Varekostprosent	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	88,8 %	88,5 %	0,30 %	87,9 %	87,9 %	-0,03 %	89,6 %	89,7 %	-0,04 %	89,7 %	88,7 %	0,94 %	89,3 %	89,2 %	0,03 %
PUB	87,7 %	86,2 %	1,49 %	88,2 %	86,8 %	1,39 %	84,7 %	84,8 %	-0,08 %	88,0 %	85,7 %	2,30 %	87,5 %	86,3 %	1,19 %
PRO	89,0 %	87,3 %	1,63 %	90,8 %	89,9 %	0,95 %	95,4 %	90,2 %	5,29 %	82,8 %	79,5 %	3,26 %	90,1 %	91,8 %	-1,66 %
Avd 145	14,9 %	12,8 %	2,12 %	14,9 %	12,8 %	2,12 %									
SUM	87,4 %	86,1 %	1,28 %	86,3 %	84,9 %	1,43 %	88,6 %	87,5 %	1,03 %	88,1 %	86,2 %	1,80 %	88,7 %	88,6 %	0,07 %

Brutto fortjeneste	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	33 334	31 991	1 343	16 321	15 469	852	2 852	2 524	328	10 201	9 967	234	3 960	4 031	-72
PUB	27 234	30 939	-3 705	11 998	13 377	-1 379	3 454	4 029	-575	7 383	8 882	-1 499	4 399	4 650	-251
PRO	12 542	12 508	34	5 473	4 537	936	389	801	-413	5 134	5 686	-552	1 546	1 483	63
Avd 145	8 060	9 810	-1 751	8 060	9 810	-1 751			0			0			0
SUM	81 170	85 248	-4 078	41 852	43 194	-1 342	6 695	7 355	-660	22 718	24 535	-1 817	9 905	10 165	-260

Akkumulert hittil i år har nær alle avdelingar høgare varekostnad enn budsjettert. Siste månaden har ein sett svingar i varekosten som har gjeve ein betra inntening. Variasjon i varekost med utgangspunkt i produktmiks gjev usikkerhet for framtidige resultat. I prognosetal for resten av året legg ein til grunn varekost på nivå med akkumulert hittil i år.

Nedanfor er vist omsetnings- og marginutvikling i PUB per september. Omsetningssvikten er knytt til Rx. Marginbildet viser at HV og OTC bidreg med ca. 35 % av samla margin, men utgjør berre ca. 11 % av omsetninga.



Rx=reseptpliktige legemidler, Andre = legemidler på H-resept og legemidler frå andre leverandører enn NMD, HV=Handelsvarer og OTC=reseptfrie legemidler.

Bruttomargin (tusen)	Rx	Andre	HV	OTC	SAV
Regnskap	13 959	3 679	6 395	3 202	27 234
Budsjett	15 136	5 539	6 946	3 318	30 939
Differanse	-1 177	-1 860	-551	-116	-3 705
Regnskap % andel	51 %	14 %	23 %	12 %	100 %

Omsetning (tusen)	Rx	Andre	HV	OTC	SAV
Regnskap	131 855	65 578	17 314	6 127	220 873
Budsjett	137 700	62 538	17 664	5 974	223 875
Differanse	-5 845	3 040	-350	153	-3 002
Regnskap % andel	60 %	30 %	8 %	3 %	100 %

Innan PRO er priser ved LIS-skiftet (februar) regulert ned til opphavleg innkjøpspris. Dette var ikkje føreset i budsjettet. Samla effekt av dette er utrekna til ca. 1 mill. i høgare varekost for 2014 enn budsjettet. I tillegg gjev ny avansemodell ein negativ effekt.

Innan avdeling 145 skuldast auka varekost i hovudsak auke i kassasjon ved retur av varer overskriden haldbarheitsdato frå kommisjonslager hjå NMD. Årsaka er redusert sal hjå NMD der SAV sit med risiko for produsert varelager. I tillegg har det vore nokre tilfelle av tilbakekalling/sals-stopp av råvarer etter utført produksjon.

Inntekter frå sal av tenester veks med 11,7 % (5,1 mill.) frå fjoråret, men er 2,4 % (1,2 mill.) under budsjett. I tenester inngår basistjenester frå SHE, produksjons-/ tilsetningstenester frå PRO og farmasøytiske tenester frå AFT.

Tjenestesal	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	8 101	8 466	-365	1 573	3 212	-1 639	900	941	-41	3 254	3 198	55	2 375	1 114	1 261
PRO	17 233	16 207	1 027	8 577	7 877	700	1 394	1 390	4	5 866	5 345	521	1 395	1 594	-198
AFT	23 247	25 158	-1 910	14 670	15 967	-1 297	2 002	2 175	-173	3 471	3 443	28	3 104	3 572	-469
SUM	48 744	49 964	-1 248	24 820	27 057	-2 236	4 297	4 507	-210	12 591	11 987	604	6 874	6 280	594

Innan SHE er det spesielt omfang av ASL i Bergen som skaper avvik mot budsjett grunna feil i føresetnadene for budsjettet (tal timar). Innan AFT skuldast avviket spesielt manglande kapasitet på farmasøytar i Bergen i starten av 2014 samt prisavvik ved sal av tenester til kompetansesentra i Helse Bergen.

Andre inntekter veks med 6,4 % (1,0 mill.) frå fjoråret, og er 2,7 % (0,5 mill.) over budsjett. I andre inntekter inngår mellom anna basispris til produksjon, KLUT-tenester, refusjon av lønnskostnader mv.

Personalkostnader aukar med 2,9 % (2,9 mill.) frå fjoråret men er 2,6 mill. under budsjett. Personalkostnad i prosent av omsetning er redusert frå 15,8 % til 15,0 % på same tid i fjor. Ei viktig årsak til at vekst kan takast ut utan tilsvarande auke i bemanning er innføring av ny teknologi og system i ekspedisjonane.

Personalkostnad	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	23 816	21 951	1 865	11 006	9 734	1 272	1 744	1 975	-231	7 211	7 088	123	3 854	3 153	701
PUB	18 631	19 073	-442	8 041	7 937	103	2 090	2 176	-86	3 157	3 268	-110	5 343	5 692	-350
PRO	18 542	19 623	-1 081	8 823	9 102	-279	1 375	1 578	-202	6 838	7 349	-511	1 506	1 595	-89
Avd 145	5 006	5 511	-505	5 006	5 511	-505									
AFT	16 390	17 028	-639	10 006	11 087	-1 081	1 704	1 566	138	2 438	2 226	212	2 242	2 149	92
X10	5 761	5 454	307	2 151	2 124	28	979	817	162	1 531	1 333	198	1 101	1 180	-80
FAD	13 706	15 811	-2 105												
SUM	101 852	104 451	-2 600	45 032	45 495	-462	7 893	8 112	-219	21 175	21 264	-89	14 045	13 770	275

Andre driftskostnader aukar med 9,9 % (3,3 mill.) frå fjoråret, men er 4,3 mill. under budsjett. Redusert kostnadspådrag så langt i år er mellom anna knytt til balanseføring av utviklingskostnader til logistikksystem og system for verksemdsstyring (hjá Helse Vest IKT), lågare avskrivning enn budsjettet og innsparingar gjennom program for kostnads-kutt.

Andre driftskostnader	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	3 935	4 491	-556	1 913	1 959	-46	490	471	20	967	976	-9	565	1 086	-521
PUB	4 041	4 587	-546	1 407	1 728	-321	513	754	-240	1 350	1 296	54	770	809	-39
PRO	4 108	4 721	-613	2 410	2 550	-139	449	524	-76	901	1 035	-134	348	613	-265
Avd 145	1 499	1 680	-181	1 499	1 680	-181									
AFT	788	1 039	-251	368	442	-74	173	202	-29	145	175	-30	102	220	-118
X10	2 037	2 630	-593	1 306	1 626	-320	107	131	-24	509	592	-82	115	281	-166
FAD	20 355	21 878	-1 523	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
SUM	36 764	41 026	-4 262	8 904	9 984	-1 080	1 732	2 082	-350	3 872	4 073	-201	1 901	3 009	-1 108

Finansinntekter består av renteinntekter på bankinnskott og ligg litt over budsjett. Bankinnskott inngår i Helse Vest si konsernkonto-ordning.


Akkumulert resultat og resultatavvik mot budsjett ved utgangen av september for dei ulike verksemdsområder, administrasjon og apotek er vist i tabellar nedanfor. Tal med raud farge indikerer underskot, negativt budsjettavvik eller overforbruk av kostnader.

Alle driftsavdelingar har resultat under budsjett bortsett frå PRO som har høg aktivitet og resultat på 2,5 mill. over budsjett. FAD og lokale administrasjonsavdelingane (X10) har kostnader høvesvis 4,4 mill. og 0,3 mill. under budsjett.

Resultater 2014														
Regnskap vs Budsjett pr 201409														
	SAV		SHE		PUB		PRO		145		AFT		X10 (lokal adm)	
	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik
SIB	2 121	-3 128	634	-2 217	-1 990	-1 114	4 842	1 862	-335	-1 045	528	-182	308	289
SIF	-123	-40	402	500	-474	-189	426	-141			-558	-281	-127	-138
SIS	4 113	278	1 663	183	-1 847	-828	3 096	476			111	-0	-101	-115
SIH	1 083	1 074	-25	1 012	-1 120	-86	1 658	255			-175	-600	279	247
FAD	2 015	4 347												
SAV	9 209	2 531	2 673	-521	-5 432	-2 217	10 023	2 453	-335	-1 045	-94	-1 064	358	283

## 4.2 Prognose 2014

Resultatprognose for 2014 viser resultat på 10,0 mill. Dette er 0,4 mill. under budsjett.



Innteninga i SAV er knytt til faste avtalar og vilkår definert i budsjettprosessen for 2014. Dette gjeld spesielt prisar og volum på (det meste av) tenestesalet, prisar og basispris for tilvikring innan PRO og avansepåslag for legemidlar og andre apotekvarer som følger apotekavansemodellen. Fokus vert difor på forhold som faktisk kan påverkast resten av året.

SAV sette i verk i juli eit program for kostnadsreduksjon for å kompensere for fallande marginar frå varesalet. Målet var å spare om lag 4 mill. i personal- og driftskostnader i perioden juli til desember (ca. 5 % av samla kostbase). Fokus er på kostnader som lar seg påverke på kort sikt. Døme på dette er reisekostnader, kurs og kompetansekostnader, leige av konsulentar og anna personell og overtidbruk. Tiltak vert følgt opp mot faktisk resultat månadleg.

Tabellen under viser sum kostnadsreduksjonar mot tidligare prognose:

	Personalkostn.	Driftskostnad	Sum
Kostnad i opprinnelig prognose juli - des.	67 706	27 518	95 224
Sum identifisert kostnadsreduksjon	1 940	2 252	4 192
% andel av kostnadsbase	3 %	8 %	4 %

Tiltak for kostnadsreduksjon balanserast mot forsvarleg drift og arbeidet med å betre (effektivisere) prosessar i verksemda.

Innanfor SHE er det spesielt fokus på å implementere nytt bestillingssystem på sjukehusa (TønSys) og nytt logistikk system (Castor) med omsyn til produktivitet og effektive prosesser. I prognosen for 2014 er det lagt til grunn at Castor er i bruk i alle apotek før utgangen av året. I tillegg er det fokus på skilje mellom varehandtering (1. linje) og utføring av tenester (2. linje). Det er innført timeføring for levering av tenester i ekspedisjonane. Dette skal gi betre grunnlag for ressursstyring og meir fokus på leveransar til sjukehusa.

Innan PUB er det spesielt fokus på varesalet, produkt-mix og service til kundar. Tiltak innan produktkunnskap, sals-leiing, måling og oppfølging av resultat er vidareført. I tillegg er det fokus på utnytting av areal, betre plassutnytting og vareprofilering. Modellering av prosessar innan publikum er og prioriterte i prosjektet for verksemdsstyring.

Innan PRO er det føresett ein aktivitet og varekost på dagens nivå resten av året. Nye lokale i Haugesund er forsinka. Ein reknar med at ombygginga vil være ferdigstilt i november.

Innan avd.145 er det føresett ein aktivitet på nivå med hittil i år og med tilsvarande bruttomargin. Det er knytt spesielt stor usikkerhet til utvikling av salet av NAF-produkt hjå NMD og utvikling i returar resten av året. Det er difor i nokre høve redusert batch-størrelsar for å søkje å redusere kassasjon og returar frå lager.

Innan AFT har auka kapasitet betra leveringsevna i Bergen frå juli. Det er innført timeføring som skal gje betre grunnlag for ressursstyring. Prognosen for AFT legg til grunn at ein klarer å hente inn ein del av budsjettavviket i løpet av året.

Nye utførereglar frå 1.1.2015 og endringar i føresetnader for utrekning av pensjonskostnader tilseier at budsjettert pensjonskostnad for 2014 kan verte endra (reduert). I prognose for 2014 er det ikkje teke omsyn til eventuelle endringar i pensjonskostnaden då det ikkje er avklart kva dette vil utgjere pensjonskostnaden i 2014.

### 4.3 Balanse og kontantstraum

Likviditetsbeholdninga varierer frå månad til månad grunna månadsvis endringar i kapitalbindinga i varelager og fordringar og endringar i kortsiktig gjeld. Det er spesielt registrerings- og betalingstidspunkt for faktura frå grossisten Norsk Medisinaldepot (NMD) som gjev utslag på kapitalbindinga.

Dette ein positiv utvikling i likvidar hittil i år på 14,4 mill. Likviditeten er god, med ein arbeidskapital på ca. 102,2 mill. per utgangen av september. Soliditeten i SAV er også god med ein eigenkapitalprosent på 48 %.

BALANSE	31.12.2013	sep.14
<b>Anleggsmiddel</b>	22 377	24 069
Varelager	35 134	37 093
Fordringer	80 643	82 640
Betalingsmiddel	81 501	95 851
<b>Sum omløpsmiddel</b>	<b>197 278</b>	<b>215 584</b>
<b>Sum egedelar</b>	<b>219 655</b>	<b>239 653</b>
<b>Eigenkapital</b>	<b>102 459</b>	<b>102 459</b>
Resultat hittil i år		9 209
Pensjonsforpliktning	8 850	10 052
Langsiktig gjeld	5 368	4 592
Kortsiktig gjeld	102 978	113 341
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>219 655</b>	<b>239 653</b>
<b>Akkumulert endring i kontantstraum</b>		
Resultat hittil		9 209
Endring omløpsmidler		-3 956
Endring i kortsiktig gjeld		10 363
Endring avsetning til forpliktelser		1 202
Avskrivningar		3 117
Investeringar		-4 809
Økt finansielle anleggsmidler		0
Nedbetaling langsiktig gjeld		-776
<b>Endring i kontantstraum</b>		<b>14 350</b>